



Logoen er en kalligrafi av Marie Klever.  
Motivet er fra sagnet om Sigurd Fåvnesbane.



**Formål for Sauherad historielag:**

§ 1 Sauherad Historielag har som føremål å arbeide for interesse og forståing for kommunens historie frå fyrste tid til i dag.  
§ 2 Inntil kultursoga for Sauherad er skriven, vil ein arbeide for eit best mogleg kjeldegrunnlag for denne, primært gjennom munnleg tradisjon

## ÅRSMELDING FOR 2020

**Styret og annen representasjon for 2020:**  
**I årsmøtet 13. februar 2020 på Kjernehuset,**  
**Gvarv, blei desse valt (år på val i parentes):**  
Eivind Lönheim (styreleiar) (2021), Birgit Norendal (sekretær) (2021), Ole Thor Riipegstu (2021), Peder Rekkedal (2021), Toril Knutson (2022) og Kirsti Hegna (2022).

**Varamedlem:** Torstein Fosstveit (kasserar) (2021) og Nils Olav Haugen (2021)

**Revisorar:** Gunhild Kleven Riipegstu og Mona Slaanen

**Valnemnd:** Torbjørn Norendal og Pål Toreid.

**Evju Bygdetun har ansvaret for Sauherad lokalhistoriske arkiv. Torstein Fosstveit og Eivind Lönheim er historielagets representantar til arbeidsgruppa som organiserer arbeidet med arkivet. Toril Knutson er kommunens representant i arbeidsgruppa.**

**Historielaget er medlem av Midt-Telemark Museum. Eivind Lönheim er historielagets representant i styret.**

**Historielaget er medlem av Landslaget for lokalhistorie.**

**Det viktigaste temaet på årsmøtet var boka om Bratsbergbanen der forfattar Helge Songe fortalte engasjerande om arbeidet med boka. Etter initiativ frå Sauherad Historielag har han gjort ein stor jobb med å undersøke i arkiv og saman med gode hjelparar som Ole Thor Riipegstu funni fram til mange gode fotografier som fortel om arbeidet med banen. Banen vart opna for gods- og persontrafikk i 1917, og vart offisielt opna av kong Haakon VII i 1920.**

**Deretter fortalte Torbjørn Norendal om intervju med folk som fortel om kulturminne i kommunen og viste intervju med Nils Angard**

*som fortalte om tømmerfløyting i Hjuksevassdraget.*

### **Medlemmer og æresmedlemmer**

Talet på medlemmer pr. 31.12.2020 er 96.

Historielaget har nå 1 æresmedlem:  
Bjørn Holta.

### **Pandemien:**

*Straks etter årsmøtet stengde landet. Alle planer for arrangement blei derfor lagt bort. Styret har hatt kommunikasjon på e-post og har hatt eit fysisk møte i løpet av hausten. Det har vore arbeidd aktivt med følgande prosjekt:*

#### ➤ **Kulturhistorie for Sauherad**

Arbeidet med kulturhistoria har heldt fram ved at fleire forfattarar har levert artiklar som skal inn i boka.

Redaksjonen har hatt fleire møte, men pandemien har sjølv sagt gjort at framdrifta er forseinka. Dato for lansering er derfor usikker.

➤ **Sauherad-kalenderen** er eit samarbeid med Nes og Saude Bygdetunlag og blir trykt i 500 eksemplar.

➤ **Bratsbergbanen – Bok og Jubileumstur**  
Boka ved forfattar Helge Songe blei ferdig til jubileumstur frå Skien til Notodden 10. februar 2020.

Arrangementet blei gjennomført etter god planlegging i tett samarbeid med Skien Historielag og kulturetaten i Skien kommune ved Caroline Wahlstrøm.

Toget var meir enn fullt, og rundt 300 personer var med på turen.

Før avreise var det eit arrangement på Skien stasjon Nylende:



- Velkommen ved Per Forsberg, Skien Historielag, Jon Jarle Haugen med rallarsang og direktør Runar Lia ved Norsk Industriarbeidermuseum heldt flott jubileumstale. NRK TV gjorde opptak.
- Jernbaneentusiastane Øyvind Moen og Helge Markussen var dyktige guidar under turen. Jon Jarle Haugen framførde rallarviser og forfattar Helge Songe signerte bøker.
- **Bø Blad.** På vegne av Sauherad Historielag har Torstein Fosstveit skrive innlegg om kulturhistoriske tema til Bø Blad ein gong i månaden. Frå 2021 er dette overteke av andre organisasjoner.

➤ **Oppdatering av boka om Narekollen**

Ny utgave av boka om Narekollen var ferdig i november 2020. Sauherad Historielag ved Ole Thor Ripegutu har vore aktiv i boknemnda. Øystein Wendelborg er redaktør for boka. Mange med interesse for skihistorie frå store deler av landet har kjøpt boka.

Bø Museum har plan om utstilling med fokus på skihistorie i 2021.

➤ **Bryggene langs vassdraget.**

Telemarkkanalens venner tok kontakt med Sauherad Historielag om samarbeid for finansiering av reparasjon av bryggene ved Sanden og Årnes. Dette er gjennomført i løpet av året med godt resultat.

➤ **Verneplanen for kyrkjegardane.** Som følge av kommunesamanslåinga og mykje ekstra arbeid for sokneråda, blei verneplanen satt på vent. Pandemien har medført at arbeidet ikkje blei tatt opp att i 2020.

➤ **Vegnamn i tidlegare Sauherad kommune.** Midt-Telemark kommune har etablert ei nemnd for vegnamn i kommunen ved vedtak i Utval for plan, teknikk og næring 25. februar 2020. Sauherad Historielag er medlem av nemnda.

➤ **Nettsider og Facebook.** Sauherad Historielag har nettside med informasjon om ulike kulturhistoriske emne. I tillegg er det fleire sider på Facebook som blir brukta for å informere om kulturminne og kulturhistoriske tema.

➤ **Midt-Telemark Museum** er etablert av Bø Museum, Bø Prestegard, Evju Bygdetun, Hørte Dampfarveri og Sauherad Historielag.

- Formålet er å styrke arbeidet med kulturarv i vår del av Telemark. Samarbeidet er godt i gang på fleire område.
- Gjennom samarbeidet har det blitt etablert nettbutikk ved Bø Museum der også bøkene frå Sauherad Historielag kan kjøpas:  
<https://aaheimlandhandel.no/nb>
- Etter etablering av Vestfold og Telemark fylkeskommune, har den nye fylkeskommunen invitert til innspelsmøter med museumssektoren og utarbeidd ei utgreiing om «Fylkeskommunens roller overfor museumssektoren i Vestfold og Telemark.» Evju Bygdetun har hatt eit årleg tilskot frå Telemark fylke, og på basis av dette har Midt-Telemark Museum i samarbeid med Evju Bygdetun sendt höringssvar med omtale av situasjonen for musea i Midt-Telemark kommune.
- På nyåret 2021 har regjeringa lagt fram ny Museumsmelding om framtida for museumssektoren. I samarbeid med Midt-Telemark kommune har Midt-Telemark Museum utpekt ei prosjektgruppe for å få etablert sterkare kontakt mellom våre institusjonar og den nye fylkeskommunen. Dette arbeidet vil fortsette for fullt i 2021.

➤ **Økonomien i Sauherad Historielag** er god, og regnskapet syner nå ein spesiell god situasjon ettersom Sauherad kommune har utbetalt tilskotet på kr. 500.000 til prosjekt kulturhistorie for Sauherad.

Styret vil takke for godt samarbeid med medlemmene, andre interesserte og organisasjonar vi har aktiviteter saman med.

Gvarv, 15. mai 2021

*Eivind Lønheim, Birgit Norendal, Ole Thor Ripegutu, Peder Rekkedal, Toril Knutson og Kirsti Hegna*  
Sign.